



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Birthe Lill Christiansen, 5557 2235

Vår dato
27.04.2018
Dykkar dato

Vår referanse
2017/10832 721.0
Dykkar referanse

Meland kommune
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Vedrørende tilbakemelding på rapport etter tilsyn med Nav Meland kommune

Fylkesmannen viser til rapport etter tilsyn med Nav Meland sosialteneste datert 15.01.2018, og til Meland kommune si tilbakemelding på Fylkesmannen sine funn av 26.02.2018.

Etter tilsynet konkluderte vi med at det var grunnlag for eitt avvik frå lovkrav: «*Søknader frå personar mellom 17 og 23 år vert ikkje avgjort etter ei konkret og individuell vurdering når det gjeld bruk av ungdomssats.*»

I sitt svar til oss viser Meland kommune til at det er sett i verk nye rutinar for sosialstønad til unge. Kommunen skriv mellom anna følgjande om mottakagruppera: «*Etter Nav Meland sine retningslinjer vert det som utgangspunkt ytt kr 911,- til livsopphald per veke (kr 3950 per månad) for heimebuande ungdom mellom 18 og 25 år. I tillegg til ungdommar som går på vidaregåande, gjeld dette ungdommar som nyleg er ferdig på vidaregåande, samt dei som bur heime og ikkje har utgifter til husleige og fellesutgifter i hushaldninga.*»

Sosialtenestelova har ikkje reglar om størrelsen på livsopphaldet, dette skal utmålast i samsvar med behovet til tenestemottakar. Kommunane tar likevel utgangspunkt i satsar når dei bestemmer kor mykje stønad den enkelte skal få til sitt livsopphald. Vaksne har ein høgare livsopphaldsnorm enn born, fordi vaksne har fleire utgifter. I dette tilfellet brukar Nav Meland eigne satsar for heimebuande unge vaksne. Dersom de skal skilje ut ei gruppe og tildele desse hjelp etter ein lågare sats enn andre, må dette grunngjenvært med at dei har eit anna behov for midlar til sitt livsopphald.

Det er uklart for Fylkesmannen kven som er omfatta av den gruppa som skal få stønad til livsopphald etter denne satsen, og kven som får stønad etter ordinær sats. Kva ligg i «*nyleg*» ferdig på vidaregåande? Og korleis skal vi forstå siste del av setninga «*... samt dei som bur heime og ikkje har utgifter til husleige og fellesutgifter i hushaldninga*»? Betyr dette at satsen ikkje blir brukt der den unge betaler husleige/fellesutgifter i hushaldninga, og då uavhengig av om vedkomande går på (eller har gått på) vidaregåande skule eller ikkje? Fylkesmannen ber om at Nav Meland presiserer ytterlegare kven som er i målgruppa for slik «ungdomssats» og grunngjev nærmare kvifor.

Kommunen har ved vurdering av livsopphaldsplikten lagt vekt på at foreldra etter barnelova har underhaldsplikt for born over 18 år som er elev i vidaregåande skule. For dei som ikkje går på vidaregåande skule har foreldra ikkje lengre juridiske plikt til forsørging etter at dei har fylt 18 år. Kva argument har kommunen for å nytte ungdomssats også for desse, og kva er grunnen til at kommunen nytta satsen heilt opp til 25 år?

Kommunen understrekar vidare at satsen er rettleiande og at den skal nyttast som eit utgangspunkt. Kvar enkelt sak skal uansett vurderast individuelt. Fylkesmannen ber kommunen opplyse om korleis de skal sikre at slike individuelle vurderingar skjer i kvar enkelt sak.

Vi ønskjer kopi av dei vedtak kommunen har fatta der sosialstønad er innvilga etter ungdomssats, i tidsrommet sidan ny rutine vart innført, og til utgangen av mai månad. Vi ber om å få desse vedtaka tilsendt innan 10.06.2018.

Med helsing

Helga Arianson
fylkeslege

Birthe Lill Christiansen
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.